

Justis- og beredskapsdepartementet, sivilavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
20/00986-2

Saksbehandlar:
Tone Barlund

Dato:
27. april 2021

Svar på høyring - NOU 2020: 11 Den tredje statsmakt – Domstolene i endring

Vi viser til høyringsbrevet av 27.10.20 og takkar for moglegheita til å kome med innspel til Domstolskommisjonen si andre delutgreiing, *NOU 2020: 11 Den tredje statsmakt – Domstolene i endring*.

Barneombodet har levert høyringssvar til Domstolskommisjonen si første delutgreiing, *NOU 2019: 17 Domstolsstruktur*, og alternativt forslag frå Justis- og beredskapsdepartementet. I dette høyringssvaret ga vi innspel til behandlinga av Barnesaker i ny domstolsstruktur.¹

Innleiingsvis finn vi grunn til å presisere at vi meiner det er uheldig at ein ny domstolsstruktur allereie har blitt vedteken, som ikkje er i tråd med forslaget frå domstolskommisjonen, samstundes som domstolskommisjonen si andre delutgreiing framleis er på høyring. Dette viser liten respekt for både utgreiinga og kommentarane frå høyringsinstansane, då den første og andre delutgreiinga samla utgjer domstolskommisjonen sine anbefalingar.

Domstolskommisjonen har i den andre delutgreiing mellom anna vurdert nærmare korleis domstolane kan legge til rette for moderat spesialisering gjennom etablering av fagmiljø og fordeling av saker på bakgrunn av dommaren sin spesialkompetanse og erfaring med særskilde rettsområde. Temaet er mellom anna behandla i kapittel 23, og i punkt 15.4.2 og 15.6.6.

Domstolskommisjonen anbefaler at ein legg til rette for større grad av moderat spesialisering i domstolane. Dette inneber at nokre dommarar spesialiserer seg innan visse rettsområde, og føreset at fordeling og omfordeling av saker i den enkelte domstolen skjer på bakgrunn av dommarane sin spesialkompetanse og erfaring med særskilde rettsområde. Kommisjonen understrekar at større rettskretsar med større fagmiljø er ein føresetnad for at fleire domstolar skal kunne gjennomføre moderat spesialisering ved saksfordelinga. Kommisjonen skriv at behovet for å byggje opp kompetansemiljø rundt Barnesakene kan gjerast i den enkelte domstol, der ein mindre krets av dommarar får tilbod om opplæring og etterutdanning. Dette kan gjerast ved organisering i barnefaglege avdelingar eller faggrupper. Kommisjonen meiner at Barnesaker er eit rettsområde kor det er eit særleg behov for meir spesialisering.

¹<https://www.barneombudet.no/vart-arbeid/hoyringssvar/nou-201917-domstolstruktur>

Barneombodet støtter kommisjonen i anbefalinga om moderat spesialisering i barnesakene, for å sikre økt barnefagleg kompetanse i domstolane, i tråd med anbefalingane fra særdomstolsutvalet. Vi er også einige med kommisjonen i at dette føreset større rettskretsar med robuste fagmiljø internt i domstolane. Vi støtter vidare at omsynet til å sikre tillit tilseier at dommarfullmektigar ikkje bør behandle barnesakene. Vi viser til vårt høyringssvar til ny domstolsstruktur for utdjuping av våre standpunkt.

Som vi har skrive i vårt høyringssvar til ny domstolsstruktur, er vi likevel bekymra for at departementet sitt forslag om å oppretthalde alle rettsstader i ny domstolsstruktur, som no er vedteken, vil gjere det utfordrande å byggje sterke fagmiljø i barnesakene, og at dette stiller store krav til den enkelte domstolsleiaren si organisering og oppfølging av rettskretsen. Dette er vi framleis bekymra for.

Vi viser her også til det domstolskommisjonen skriv i punkt 15.6.6 om saksfordelinga i rettskretsar med fleire rettsstader. Kommisjonen skriv at for å hauste gevinstar av det totale fagmiljøet i rettskretsen, bør moderat spesialisering gjennomførast i organisasjonen, og ikkje innanfor kvar enkelt rettsstad. Det inneber at det vil stille auka krav til mobilitet blant dommarar, som må rekne med ein viss reiseverksemd mellom rettsstadene. Kommisjonen skriv vidare at krava til mobilitet vil kunne bli større i rettskretsar som har små rettsstader med få dømmande årsverk, der det heller ikkje er hensiktsmessig å dele organisasjonen inn i avdelingar med eigne avdelingsleiarar.

Nå som det allereie er vedteke ein domstolsstruktur som ikkje er i tråd med domstolskommisjonen sitt forslag til ny domstolsstruktur, forventar vi derfor at departementet vurderer korleis ein kan leggje til rette for moderat spesialisering og erfaringsutveksling mellom dommarar som skal behandle barnesaker innanfor same rettskrets. Det må også sikrast at barnesakene berre blir behandla av dommarar som er knytt til eit barnefagleg miljø.

Med venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Tone Barlund
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Karl Johans gate 7,
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo